

Radar

2017 nr. 2

Kyrkjeblad for Radøy sokn

33.årgang





DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840

www.kirken.no/radoy

Dagleg leiar Audun Sylta
901 95 179

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840

Sokneprest Kjell Sækingstad
951 41 360

Seniorprest
Thor A. Sommerseth
913 17 559

Trusoppplæringsmedarbeidar
Willem Vogelaar
479 73 670

Organist I J. William Kay
915 91 482

Organist II Frode S. Storheim
948 38 985

Dirigent Radøy damekor
Eirin B. Åserud-Løvlid
943 36 779

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar
Berit Karin Vogelaar
942 42 233

Kyrkjetenar Marta G. Hvidsten
909 18 214

Nytt frå dagleg leiar

Dirigent for Radøy damekor, Jurate Norkuviene, skal ha permisjon i eit år fra 1.august.

Eirin Beate Åserud-Løvlid skal vera dirigent for koret i permisjonstida. Ho har praksis som dirigent fra både barne- og vaksenkor og syng også sjølv i ein kvintett som heiter Simply in Tune. Ho bur i Meland der ho også arbeider i kulturskulen. Vi ynskjer ho velkomen i staben.



Nye varmeanlegg i Hordabø og Manger kyrkjer.

Begge kyrkjene er oppvarma med radiatorar som får varmt vatn frå fyrkjelar som går på fyringsolje. Systemet er kostbart i drift og lite miljøvenleg. Klimagassutslepp og fare for lokal forureining gjer at oljefyring frå hus truleg vil verta forbode frå 2020. Anlegga er gamle og det er sterkt ønskeleg å finna andre løysingar som gjer oss uavhengig av fyringsolje.

Det er utarbeidd fleire alternativ med varmpumper, luft-luft, luft-vann og bergvarmpumper. Alternativet som gjev størst årleg innsparing og best driftsøkonomi er bergvarmpumper, men som ofte elles er det også det alternativet som har den høgaste investeringskostnaden. For Hordabø er det rekna ei innsparing på kr. 35 - 45 000 per år avhengig av kva løysing som vert valgt. For Manger er tilsvarande tal kr. 55 - 80 000 årleg. Reduksjon i CO₂ utslepp er rekna til mellom 35 og 55 tonn årleg.

Soknerådet meiner at det hastar med å oppdatere dagens oppvarming i kyrkjene. Ut frå ei kost/nyttevurdering har dei tilrådd at Manger kyrkje får bergvarmpumper og Hordabø luft-luft varmpumper. Saka er sendt til Biskopen i Bjørgvin for godkjenning.

Opningstider i sommar

Fra mandag 19.juni til mandag 20.august har kontoret åpent mandag, tysdag og torsdag kl. 10:00 - 14:00. For viktige meldingar kan ein ringe tlf. 901 95 179.

Hugs at du også kan kontakta oss via epost og sosiale media: www.kirken.no/radoy eller facebook.com/radoysokn På nettsidene våre kan du tinga dåp og finne epostadressene våre.

Audun Sylta
Dagleg leiar

Olsokfeiring i Fjon fjellkyrkje



Laurdag 29.juli kl 18 er det igjen duka for Olsokfeiring i Fjon fjellkyrkje.

Kvelden byrjar med gudsteneste kl 18 med sokneprest Jens Linde. Etterpå vert det sosialt samver, servering av rømmegraut, lynutlodning og bålbreining.

Sandnes og Frøyset sokneråd, saman med styret for Fjon fjellkyrkje, ynskjer alle velkomne til ein flott kveld.

TRENG DU NOKON Å
SNACKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirken-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS

Tårnagenthelg i Manger kyrkje

Den siste helga i mars var alle årets 9-åringar invitert til “tårnagenthelg”. 33 gutar og jenter meldte seg som “tårnagentar”. Agentane måtte koma seg gjennom ein labyrinth, krypa gjennom ein tunnel og til slutt fekk dei utdelt agentbevis. Først no var dei klare til å utforska tårnet, men først fekk dei høyra tidenes påsekrim: forteljinga om Jesu liv, hans død og oppstode.



På veg opp til klokkene traff agentane på nokre historiske personar. Sjølvaste Katharina og Martin Luther guida dei fram til kyrkje-klokkene. Undervegs kunne dei fortelja alt det spanande dei hadde opplevd då dei var yngre: Korleis Martin hadde opplevd Guds kjærleik medan han sat oppe i tårnet og las bibelen sin. Dette ville han dela med alle, men ikkje alle var like glade for det. Paven sa: “Ta tilbake alt

du har skrive og alt du har sagt”. Dette kunne Martin ikkje gjera. Han visste at Guds kjærleik er sant og ei gåve for alle som trur og tek imot. Martin måtte flykta men kor hen? Heldigvis hadde han nokre mektige vener. Dei førte Martin i all løyndom til ei borg. Der var han trygg. Seinare møtte Martin den store kjærleiken i livet sitt: Katharina. Dei gifta seg og fekk seks barn.

Medan tårnagentane og Katharina snakka i veg, klatra dei vidare oppover med sleiv mellom tennene. Trappa mot klokkene i Manger kyrkje er ganske bratt. Det var litt skummelt men til slutt klarte dei å koma seg opp. No kunne dei bruka sleivene til å laga lydar!

Etter alt som agentane hadde opplevd var dei veldig svoltne. Mange foreldre hjalp til ved å laga pizza. Etter det kom sjølvaste Tore Thomassen på besøk og hadde konsert med hjelp av Sæbø barnekor. Dagen etter var agentane med på gudstenesta. Dei fekk ringja i klokkene, ta opp takkofferet og lese tekstane.



Tusen takk til alle agentane som stilte opp, til alle foreldre som hjalp til og lagde pizza og til Sæbø barnekor for ein fantastisk konsert.



BARNAS SIDE


Fargelegg!

Jesus fortalde læresveinane at han snart skulle dra tilbake til himmelen.



Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Den pratglade presten fekk eit godt råd av kona si:
– Ein god tale har ei god byrjing og ein god slutt. Og dei to skal kome så nær kvarandre som mogleg.

Vitsar

– Mamma, kan eg lese til eg sovnar?
– Ja, men ikkje eitt minutt lenger.

Vi anbefalar barnebladet BARNAS!

Denne sida er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på Sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn 5 feil

Teikningar: Kari Sortland

Jesus trøysta læresveinane og lova å sende Den heilage ande så dei aldri skulle vere åleine. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?





Brev frå Estland

Kjære Estlands-venner!

De fleste av dere har fått brev fra meg før, sist gang ved nyttårstider. Enkelte andre er – såvidt jeg forstår – helt nye støttespillere for misjon i Estland, eller i det minste nye på epostlista. “Gammel” eller “ny”: Guds fred og alt godt der du er!

Jeg som skriver dette heter Magne Mølster, og er misjonær og misjonsprest for NMS i Estland. Her er vi med på et spennende arbeid i samarbeid med den estiske evangelisk-lutherske kirka (EELK) med et særlig fokus på menighetsplanting, barne- og ungdomsarbeid. Sammen med kona Ave har jeg vært her i fem og et halvt år nå. Vi holder til i Saku, et tettsted sør for den estiske hovedstaden Tallinn. Det er også en misjonær i sør-Estland, Anders Vik Aarseth, som er knyttet til menighets-, ungdoms- og studentarbeid der. Og så er det lokalt ansatte som får deler av eller hele lønna si dekket gjennom NMS-prosjekter: Tiina Klement (prest og menighetsplanter i Tallinn, i bydelen Mustamäe), Ülle Reimann (diakonarbeider i halv stilling i Mustamäe), Sirli Lend (redaktør i det kristne ungdomsbladet/medieprosjektet Plussmeedia) og Ranno Seppel (ungdomsarbeider i halv stilling i Saku menighet).

Det er i tillegg hvert år 1-2 “ettåringer” fra Norge her – ungdommer som har meldt seg til tjeneste for ett skoleår. I år er det kun én, Tor Eivind Folden fra Nordmøre. Og så er det selvsagt prosjekter, enten det er kirkebygging, utstyr, leirer for barn og unge eller andre ting til gode for menighetene, barn og unge som får støtte gjennom NMS’ arbeid i Estland.

Kona, Ave, har akkurat født vårt tredje barn, og er akkurat nå i permisjon. Hennes oppgaver er ellers særlig knyttet til barnearbeid og babysang i Saku, i tillegg til administrasjon.

Det var for å gi litt oversikt, særlig for dere “nye”. Men viktigere er det jo å høre hva som faktisk skjer her i Estland for tiden. Det er aldri kjedelig. Den som vil mye, vil aldri mangle arbeidsoppgaver. Og den evangelisk-lutherske kirka vil mye, det er helt klart. Noe får en også til. De nyplantede menighetene i Mustamäe og Saku vokser jevnt og trutt, og har nå henholdsvis 107 og 85 medlemmer. Så skal det legges til at menighetenes arbeid favner mange flere personer enn de som er døpte medlemmer. Selv om menighetene i Mustamäe og Saku har sine utfordringer, har det vært mye å glede seg over siden de ble stiftet for henholdsvis seks og fire år siden. Ikke minst gjel-

der det arbeidet for barn og ungdom. Likevel: Skal man skal snakke om store nyheter de siste to-tre månedene, kommer man ikke utenom kirkebygg.

Bygginga av kirka i Mustamäe er i gang!



Både menigheten i Mustamäe og Saku drømmer om kirkebygg. Og utrolig nok: Kirkebygget i Mustamäe er i ferd med å reise seg! 14. mars skrev stiftelsen Mustamäe kirkebygg og byggefirmaet Ehitus5ECO under kontrakten. Om alt går bra, kan menigheten feire julegudstjeneste i nytt kirkebygg!

Den viktigste grunnen til at drømmen i Mustamäe allerede er i ferd med å bli en realitet, er at Tallinn by har tatt et stort ansvar for den økonomiske siden. Byen har nemlig gitt om lag 14 millioner kroner (1,5 mill euro) for at Mustamäe skal få sin kirke! For de som kjenner Estland, er dette kanskje overraskende. Generelt gis det ingen offentlig støtte til trosorganisasjoner her i landet, med mindre de har verneverdige middelalderbygg. Hvorfor så kirke i Mustamäe? Her handler det om forbønn – og om politikk fram mot valget til høsten: Tallinn by feirer nemlig sitt 100-årsjubileum neste år (før det het byen Reval), og kirkebygget ses på som en gave til esterne i bydelen. I tillegg ser byen verdier i kirkas diakonale arbeid, særlig i forhold til ungdom og fattige. De ser også positivt på mulighetene til å bruke kirkebygget som konsertlokale. Siden byen har det travelt med kirkebygginga, kom gravemaskinene i gang allerede i slutten av mars.

Det er et “men”... Menigheten må samle inn de resterende 4,5 millionene kronene (500 000 euro) som trengs for å få reisverket ferdig. Og det må samles inn innen høsten, ellers står ikke kirka trygg for vind og regn til vinteren. Dessuten må det nevnes at interiøret m.m. i kirkebygget må tas seinere – og vil gi nye kostnader i årene som kommer.

Det er flott at dere alle er med på å støtte misjon i Estland. Gjennom dette støtter dere også kirkebygg i Mustamäe og Saku med et bestemt beløp hvert år (for tiden om lag 90 000 kroner til hver av dem), og det er vi veldig takknemlige for. Tidligere kunne man støtte kirkebygg spesielt, men siden har NMS valgt å forenkle og slå alt sammen til ett prosjekt.

I denne spesielle situasjonen, når mye penger trengs på kort tid, har NMS likevel valgt å opprette et “spesialprosjekt” på kirkebygg i Mustamäe. Så dersom noen av

dere (privatpersoner eller menigheter) ser at dere (i tillegg til menighetsavtalen) har lyst og mulighet til å støtte kirkebygging i Mustamäe spesielt, er det nå mulig: Aksjonen heter "Kirkebygg i Mustamäe". De som vil gi penger til dette spesielle formålet kan benytte kontonummer 8220 02 85057. Og så må giveren merke gaven med "aksjonsnummer 172703", slik at NMS vet hva pengene skal gis til.

Saku kirkemarked



Lørdag 6. mai var hagen utenfor det grønmalte, gamle bedehuset i Saku fylt opp av folk. Hvor mange som var innom "Saku kirkemarked" (til støtte for kirkebygging i Saku), vet ingen nøyaktig. Kanskje 400-500 mennesker med stort og smått? En del kom for å selge, enda flere kom for å kjøpe, flere kom som frivillige – i kaféen, ansiktsmaling, musikere, barneopplegg, infoboden, klessalg osv.

Og så var det mange andre som kom og solgte sine varer, som var invitert til å gi en andel til kirkebygg. Noen var der mest for å treffe folk og suge inn markedsstemningen i vakkert vårvær. Andre kom for å gjøre "et kupp". Atter andre forpliktet seg til å gi en bestemt sum til kirkebygg i løpet av året. Hele dagen var det musikk fra scenen.

Hvor mye penger vi fikk inn til kirkebygging på selve arrangement, er i skrivende stund ikke klart. Jeg er overbevist om at vi overgår summen fra i fjor, 15000 kroner, for det var flere mennesker og en buss med pengesterke finner iblant gjestene...:) Likevel er det klart at dette uansett ikke er rare greiene i forhold til hele kirkebudsjetten, men det viser at her er engasjement. Kirkemarkedet er dessuten et sted der lokale mennesker uten menighetstilknytning møter menigheten som levende ansikter.



Dermed er kanskje det viktigste med kirkemarkedet ikke pengene vi får inn, men at dette i seg selv er et misjonsarrangement, en møteplass mellom mennesker og mennesker – og Gud. Vår nyvalgte menighetsleder Kristiina Seppel (28), leder for arrangementskomiteén, delte i etterkant av markedet denne historien:

"Personlig erfarte jeg flere bønnesvar, alt fra vakkert vær til betydningsfulle møter. Jeg vil gjerne dele historien om ett slikt møte: På markedet trådte det mange mennesker inn i bedehuset for første gang i sitt liv. Noen av dem satt på kirkebenken og nøt stillheten, i ly for markedets larm. En av dem som kom inn, var en gammel dame. Jeg har aldri sett henne før, men med skjelvende hender åpnet dama pengepungen sin og sa at hun riktignok er lutfattig, men at hun ville gjøre en innsats for at kirka i Saku kan bli bygget.

Med tårer i øynene gav hun sine 5 euro. Tårene kom, slik jeg oppfattet det, ikke fordi hun gav fra seg pengene, men fordi at hun merket at dette handler om noe større enn det man kan kjøpe for penger. Jeg ble minnet om historien i Bibelen om enka som kom til tempelet og la to småmynter i tempelkista, verdt noen få øre. Hun gav riktignok lite, men alt hun hadde. Og Jesus sa etterpå at den kvinnen gav mer enn noen annen.

Jeg sa til den eldre dama at hennes gave var mer verdt enn gull, og at Gud sikkert ville velsigne henne. Møtet beveget oss begge til tårer. Vi klemte hverandre og jeg ønsket henne Guds velsignelse."

Et utvalg

Det er mye mer vi kunne skrevet om fra våre to menigheter, men denne gangen ble det dette. Om noen ønsker å lese mer om arbeidet på norsk, kan dere for eksempel lese blogger:

Ave og min blogg: molsterestland.blogspot.com eller bloggen til årets ettåring, Tor Eivind Folden: torinestonia.wordpress.com
Bloggene oppdateres med ujevne mellomrom.

Apropos ettåringer: Det er fortsatt én ledig plass som ettåring i Estland neste skoleår (2017-2018). Dersom dere, kjære venner i Norge, har en ungdom blant deres egne som er egnet for et års menighetstjeneste i et fremmed land, så nøl ikke med tipse vedkommende! Han eller hun kan ta kontakt med Kristian Mjøluneset i NMSU.

Takk for all forbønn og for at også dere er Guds medarbeidere i misjonsprosjektene her i Estland! Gud velsigne dere!

*På vegne av NMS i Estland
Magne Mølster
magnemo@nms.no*

Temagudstenester i samband med reformasjonsmarkeringa

Til hausten skal vi ha fire temagudstenester i kyrkjene på Radøy som ein del av reformasjonsmarkeringa:

- | | |
|----------------------------------|--------------------------------------|
| 27.august kl 11 i Hordabø kyrkje | Tema: Nåde åleine |
| 01.oktober kl 11 i Manger kyrkje | Tema: Skaparverket er ikkje til sals |
| 15.oktboer kl 11 i Manger kyrkje | Tema: Frelsa er ikkje til sals |
| 19.november kl 11 i Sæbø kyrkje | Tema: Menneske er ikkje til sals |

Nytt frå damekoret



Vår kjære dirigent Jurate Norkuviene skal flytta tilbake til Litauen no i sommar. Ho har fått innvilga permisjon i eitt år, og vi håpar verkeleg at ho kjem tilbake til oss! Alle i damekoret vil takka Jurate for den jobben ho har gjort dei siste åra. Ho har vore ein inspirerende og dyktig dirigent for koret, og er også ein utroleg hyggeleg og skjønn person! Vi ynskjer Jurate alt godt i Litauen.

Ny øvingsdag frå hausten

Jurate har vore ein inspirerende og dyktig dirigent for koret. Her saman med to blide utvekslingsstudentar som har vore med oss i år: Kitty Suwannaruang frå Thailand og Lilli Deutsch frå Austerrike.

Frå hausten har vi vore så heldige å få Eirin Beate Åserud-Løvlid som dirigentvikar. Vi gler oss veldig til å bli kjent med henne og til ein ny korsong. Vi håper også at fleire har lyst å vera med og syngja med oss. Frå oppstarten i haust byttar vi øvingsdag til **onsdag**. Vi startar kl 19 med sosialt samver i kyrkjestova, og øver frå kl 1930 til 2130. Første øvingskveld

etter sommarferien er ikkje klar i skrivande stund, men følg med på nettsidene til kyrkja, www.kirken.nolradoy

Reformasjonsmarkeringa i Noreg

NÅDE

«Nåde» er kjerneordet i reformasjonen. Den norske kyrkja har vald dette ordet som gjennomgangstema for reformasjonsmarkeringa i 2017. Inspirert av Det lutherske verdsforbundet (LVF) vil vi synleggjere nåden på tre område: Kva nåde inneber i forholdet Gud har til oss, i forholdet vi har til kvarandre og i forholdet vi har til skaparverket.



FRELSA ER IKKJE TIL SALS



– Guds frelse er gratis

Reformasjonen har gitt oss Bibelen, gudsteneste, salmesong og trusopplæring på morsmålet. Slik kan alle ha direkte tilgang til Guds absolutte nåde.

Nåde: Gud er ein nådig gud

MENNESKE ER IKKJE TIL SALS



– kvart menneske er skapt i Guds bilete

Menneskeverd og menneskerettar står på spel i verda i dag. Difor er dette eit sentralt arbeidsfelt for kyrkjer på alle kontinent.

Nåde: Slik Gud viser nåde mot oss, skal vi vise nåde mot kvarandre

SKAPARVERKET ER IKKJE TIL SALS



– miljøet må vernast

Gud har gitt menneska i oppdrag å forvalte jorda til beste for alle, etter boda hans. Det gjer klimarettferd til eit viktig innsatsområde for kyrkja.

Nåde: Jorda ropar etter nåden vår

Kvifor markere reformasjonsjubileet i Noreg?

I 2017 er det 500 år sidan Martin Luther formulerte dei 95 tesane sine mot avlatshandelen. Det blei starten på reformasjonen – som førte til omfattande endringar i kyrkja og samfunnslivet. 2017 vil bli markert av lutherske kyrkjer over heile verda, men også av andre kyrkjesamfunn. Jubileet gir høve til fornya merksemd om det sentrale i kristen tru, og om kva lutherdommen/protestantismen har hatt – og framleis har – å seie i det norske samfunnet. Refleksjon omkring reformasjonen og kjernen i lutherdommen kan bringe viktige perspektiv inn i arbeidet med fornying av Den norske kyrkja og oppdraget ho har.

Familiennytt



Døpte

Seremonidato

02.04.2017 Sofia Iversen Bø
 02.04.2017 Maren Baardsen
 Johannessen
 02.04.2017 Gard Myking Hundvin
 09.04.2017 Filip Ceglarek-Johansen
 09.04.2017 Anahita Sara Eleonora
 Færøy-Niazmand
 09.04.2017 Isabella Barreira Kvalheim
 16.04.2017 Mathilde Halland
 Lauritsen
 30.04.2017 Frøya Muratovic Floen

30.04.2017 Henriette Floen Ystebø
 30.04.2017 Constanse Floen Ystebø
 04.06.2017 Lotte Olsvik Marøy
 04.06.2017 Embla Alvheim Toska
 11.06.2017 Andrea Storheim Marøy
 11.06.2017 Ivan Foss-Lunde

Døde



Seremonidato

21.04.2017 Olga Mellingen
 25.04.2017 Rolf Mellingen
 28.04.2017 Klara Marøy
 09.05.2017 Valgjerd Tungesvik Sylta
 30.05.2017 Jørn Reidar Kvalheim

Neste nummer av Radar er haustnummeret!

Frist for innsending av stoff er 1.september.

Send ein epost til organist@radoysokn.no eller gr-lunde@online.no

KAFFEKROKEN



VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
 Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser på telefon
 og internett, likevel er det en av tre som ikke får svar.

Les mer og meld din interesse på
kirkens-sos.no

Å snakke med folk om livet gir mening.



Innkomne offer

Dato	Dag i kyrkjeåret	Offermål	Kontantar	Vipps	Sum
26.03	Maria bodskapsdag	BarneVakten	3192	900	4092
02.04	4. søndag i fastetida	Menneskeverd	1660	100	1760
09.04	Palmesundag	Misjonsalliansen	3677	600	4277
13.04	Skjærtorsdag	Diakoni og kyrkjemusikk Radøy sokn	1949	300	2249
16.04	Påskedag	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	3415	500	3915
30.04	3. søndag i påsketida	Sabeels venner i Norge	982	100	1082
06.05	Alle dagar	Diakoni og kyrkjemusikk Radøy sokn	1857	300	2157
06.05	Alle dagar	Diakoni og kyrkjemusikk Radøy sokn	2019	0	2019
07.05	4. søndag i påsketida	Trusopplæring i Radøy	2262	950	3212
07.05	4. søndag i påsketida	Trusopplæring i Radøy	3150	0	3150
13.05	Alle dagar	Trusopplæring i Radøy	3579	250	3829
14.05	5. søndag i påsketida	Trusopplæring i Radøy	2878	200	3078
14.05	5. søndag i påsketida	Trusopplæring i Radøy	1298	150	1448
17.05	17. mai	Kirkens Nødhjelp	2331	300	2631
17.05	17. mai	Kirkens Nødhjelp	2904	200	3104
17.05	17. mai	Kirkens Nødhjelp	3833	350	4183
17.05	17. mai	Kirkens Nødhjelp	1884	100	1984
21.05	6. søndag i påsketida	Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter	3904	0	3904
28.05	Sundag før pinse	Diakoni og kyrkjemusikk Radøy sokn	720	200	920
04.06	Pinsedag	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	2255	560	2815

Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):
 Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):
 Offer til andre organisasjonar:

Hittil i år
 kr 14 750,25
 kr 16 465,00
 kr 49 136,00

Denne perioden (frå 01.01.17)
 kr 7345,00
 kr 14 717,00
 kr 33 747,00





Bli FADDER til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden

Kyrkjelyden på Radøy driv eit stadig større arbeid blant barn og ungdom frå 0-18 år. I dag har vi 1 medarbeidar i 60% stilling. For å utvikle dette tilbudet må vi ha ein ekstra medarbeider. Dette vil i første omgang koste ca 130.000 kvart år og då bring vi di hjelp!

Har du lyst til å bli fadder ved å støtte barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden din?

Ja, eg vil gje:

- NOK 89,- per mnd.
- NOK 150,- per mnd.
- NOK 300,- per mnd.

Gje det vidare!

FYLL UT SKJEMA PÅ BAKSIDA AV BROSJYREN

Som fadder får du fadderbevis. Du får invitasjon til ånæg fadderfest!

Gjevarsteneste til trusopplæringsarbeidet i Radøy sokn

Støtt trusopplæringsarbeidet blant barn og unge 0-18 år ved å bli fast gjevar!

JA TAKK! Eg ynskjer å gje gáva mi på kr _____ per måned og gjev Radøy sokn fullmakt til å ta kontakt med min bank for å legge inn et fast trekk. Navn på banken:

Mottakar	Mottakar sitt kontonummer	
Radøy sokn	3636 07 04682	

Trekk frå mitt kontonummer:
Summen vert trekt den 20.kvar måned

Personnummer, 11 siffer	<input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/>
Fyll ut dersom du ynskjer skattefrådrag	
Namn	
Adresse	
Postnummer og stad	
Underskrift	
Stad og dato	

Etter Personopplysingslova av 14.april 2000, informerer vi om fylgjande: Når du støttar kyrkjelyden, vil vi ta vare på informasjon om at du har gitt, og gjer merksam på at du i framtida kan koma til å få materiell frå oss. Vi vil ikkje utlevere namnet og adressa di til andre med unntak av eventuelle krav frå offentlege styresmakter, til domes skatteetaten om eventuelt skattefrådrag.

Ferdig utfylt skjema skal sendast til

Radøy sokn
Idrettsvegen 1
5936 Manger



BLOMSTERFORRETNING
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon

5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no

MTI
IT SERVICE

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

Sparebanken Vest

Idrettsvegen 3
5936 Manger

Telefon:
56 37 10 38

møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
leverer snittar, koldtbord og varm mat

Idrettsvegen 7, 5936 Manger
Tlf 56 37 35 25 eller bestill på fixit.no

AB Økonomiservice AS
Autorisert regnskapsførerselskap
56355580

AB ØKONOMISERVICE AS

Elinstallatør - Lampebutikk
Tlf 56 34 96 20

bare lave priser

Manger Senter
07-23 (08-21) 56 37 22 55

Havnevegen 31, 5918 Frekhaug
Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf. 56 37 14 10

Gravferdsbyrå for heile Nordhordland
post@nordh-bb.no / www.nordh-bb.no

ENTREPRENØR
5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Vel møtt i kyrkja!

02.07	11:00	Emigrantkyrkja	4. søndag i treeiningstida Offer til Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet
09.07	11:00	Manger kyrkje	5. søndag i treeiningstida Offer til Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA)
16.07	11:00	Sæbø kyrkje	6. søndag i treeiningstida Offer til Diakoni og kyrkjemusikk Radøy sokn
23.07	11:00	Manger kyrkje	7. søndag i treeiningstida Offer til Blå Kors Norge
30.07	11:00	Hordabø kyrkje	8. søndag i treeiningstida Offer til De fire diakoninstitusjoner
06.08	11:00	Manger kyrkje	9. søndag i treeiningstida Offer til Det Teologiske Menighetsfakultet
13.08	11:00	Sæbø kyrkje	10. søndag i treeiningstida Offer til Himalpartner (tidl.Tibetmisjon)
20.08	11:00	Manger kyrkje	11. søndag i treeiningstida Offer til Trusopplæring i Radøy
27.08	11:00	Hordabø kyrkje	12. søndag i treeiningstida Offer til Haraldsplass Samtalesenter
03.09	11:00	Manger kyrkje	13. søndag i treeiningstida Offer til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt
10.09	11:00	Hordabø kyrkje	14. søndag i treeiningstida Offer til Kirkens RS seksuelle overgrep
17.09	11:00	Manger kyrkje	15. søndag i treeiningstida Offer til Diakoni og kyrkjemusikk Radøy sokn
24.09	11:00	Sæbø kyrkje	16. søndag i treeiningstida Offer til Kirkelig dialogsenter Bergen

*“...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den næraste kyrkja,
men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.”
Biskop Halvor Nørdhaug, visitas 2012.*



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn - www.kirken.no/radoy

Redaksjon: Grethe Lunde, J. William Kay

Utforming: J. William Kay • E-post: organist@radoysokn.no • Trykk: Trykk Service A/S Knarvik

Billete: Trude Brun Wilhelmsen, Cecile Kårdal Ekeland, Magne Mølster, Pixabay (framside).

